

“Jarel?”



s v a n h i l d   l a t o r r e   w e i b e l

s v a n h i l d   l a t o r r e   w e i b e l

# “Javel?”

# “Javel?”

"Har eg ikkje fantasi?"

Frustrerande tanke når du vil bruka livet på å skapa bilder.  
"Korleis kan eg lokka fantasien fram?  
Hjelp det med skriving?"

Og skriving blei det. Ikkje berre litt, eg blei hektat.  
I tillegg kom fantasifulle tegningar på papiret.

For fantasien dukka opp igjen!

Tekst og bilder blei inspirert av livet:  
Stort og smått frå kvardagen,  
å vera tenåringsforeldre,  
samhandling oss mennesker imellom,  
å føla seg liten,  
å føla seg stor,  
optimisme, pessimisme,  
og  
om det å sitta som privilegert nordmann  
i denne kaotiske verda.

Som du sikkert har gjettat nå, blei jakta på fantasien til dei to bøkene  
"Ka i alle dagar...?"  
og  
"Javel?"


I illustrasjonane har eg med vilje latt eg-personen ha ulike skikkelsar.  
Eg trur mange av tankane og følelsane er felles,  
og eg vil unngå at det kun skal dreia seg om den middelaldrande  
dama med krøllete hår.

Håpar du får ei god stund med boka,  
og at du lar tekst og bilder flytta inn til ditt eige liv og erfaringar.

Senk skuldrane og kos deg!

Svanhild LJV.

*Adelante*



Fokus.  
Tunga rett i munnen  
og velg rett fokus.

Sjølv om vi veit kva  
som tener oss best,  
kan vi fort  
velja feil.  
Det er vel ganske så  
menneskeleg.

Overskya eller solskin.  
Kan vi velja det?



Vi har heldt ut med vinter og  
kulde lenge i år.  
Nordboarar.  
Vi skal kunna kunsten å  
halda ut i kulden.  
Lag på lag med klær.  
Lag på lag med smil og tålmodighet.  
Detta tåler vi,  
seier vi trøstante til oss sjølve.


Så ein dag er plutselig den  
etterlengta våren her.  
Fantastisk!  
Og vi ser det klart og  
tydelig igjen, og igjen;  
ingen kan leva med berre kulde.

Spre vårsol og varme  
alltid, og  
overalt!



Glefs!  
Glefs!  
Glefs!  
Møter min trøtte  
tenåringsson  
med mas.  
Mens han framleis har  
litt søvn igjen i augnekroken,  
serverar eg han  
mas og  
ein kaffikopp til frukost.

Var ikkje sånn eg hadde planlagt å bli.




Illusjonar.

Våre fantasifulle idear,  
svirrande rundt i hovudet vårt.  
Dei gjer oss nesten  
litt øre.

Vi spinn dei større og  
større.  
Heile framtidsveven er  
så godt som lagt.  
Greit.  
Vi har kontroll.

Men så har vi ikkje alltid  
kontroll allikavel.  
Illusjonen brest.  
Ting går ikkje sånn som dei gjorde,  
når dei svirra så livlig rundt i  
hovudet.  
Medmenneske gjer som dei vil.  
Omstendighetar romsterar rundt  
i framtidsveven.  
Det var berre ein illusjon.  
Verkelegheta er verkeleg.  
Ukontrollerbar.



"Utslepp frå atomkraftverk."  
Eg vett ikkje kva eg skal ha på meg.

"Tørke, hungersnød, epidemi."  
Søren!  
Eg trur eg har lagt på meg.

"Krig. Massakre."  
Åhh! Eg er så trøtt.  
Vil sova lengre.

"Flyktingstrøm"  
Har strømprisen gått opp igjen?!

"Barnearbeid. Slavearbeid på Konfeksjonsfabrikkar.  
Utnytting."  
Yes! Salg!  
Salg til meg! Til meg!


Meg  
meg meg meg



4 damer rundt eit bord.  
"Så kjekt å sjå deg,  
og ja takk, eg har det berre bra."

Men damene satt litt lengre  
rundt bordet.  
Så lenge at vi forstår at  
livet er ganske så likt  
for oss alle.  
Dagane er ikkje berre lette.  
Dei kan vera lette.  
Lette og luftige som ein fin  
sommarbris,  
men for så i neste augeblink  
komma opp i  
orkan styrke.  
Vi lo masse,  
vi fire damene,  
skravla i munnen på kvarandre,  
og vågde og å  
visa tårer.

Så godt å få dela noken timar  
i lag med andre,  
rundt eit heilt tilfeldig,  
dekka bord.




Jada...  
Vi overlever vel denne kampen og.  
Små og store kampar  
kjem og går.  
Av og til føles det som  
DENNE,  
kan vi vel aldri klara å  
gå gjennom.  
Men plutselig er den berre  
eit minne vi har  
lagt bak oss.

Forstår da ikkje heilt.

Kor får vi kreftene frå?  
Styrken som ofta dukkar opp  
akkurat når vi treng den.  
Vi er små,  
her vi går rundt på denne  
jordkloden ei lita stund.  
Små,  
men ganske sterke og  
seigliva.  
Magisk styrke,  
den er god å ha.

Lykke til på turen,  
kjære medreisande.





"Ganske heftig. Vi regnar vekk!"  
Regnar vekk?  
Kor blir vi av då?

"Ekstremvær over heila Vestlandet!"

"Ring alarmtelefonen om nødvendig!"

Regnar vekk?  
Eg har det fredleg og godt.  
Varmt i rommet,  
tente stearinlys.  
Og viktig;  
Gardinene trekt for,  
så eg slepp å sjå  
elendigheta utanfor mitt hus.  
Stengte gardiner.  
Snakkar eg om været,  
Eller...?


Ganske greitt å bu i Norge  
i gode velstandstider,  
og sørga for å  
trekka gardinene godt for.



Grå skyer henger over oss.  
Dei heng så ofta over oss,  
at vi tilslutt trur dei skal  
henga der.  
Men dei heng ikkje fast.  
Dei kan faktisk plutsleg forsvinna.

Med tålmodighet går vi her nede  
og prøver å gjera det besta vi kan  
ut av dei grå dagane.  
Grått, grått, grått og vått.  
Kva er det eigentleg eg snakkar om?  
Er eg blitt hobbyeteorolog,  
eller er det litt filosofiske tankar som  
lurer seg inn?  
Uansett så vett eg,  
at bak dei grå skyene finst det  
ein uendeleghet av blått.

Blått og lys og smil.




Lokale nyheter.  
Verdas nyheter.  
Vi må følga med.  
Alt kommer dalande  
rett ned i vår  
fredfulle stova.


Jordskjelyv.  
Minst 100 omkomne.  
Og eg bladde vidare til  
neste sida i avisas.  
Skal meir til for å  
rista meg ut av min  
fredfulle tilværelse.

Kva må til for å  
rista meg ut av min  
fredfulle tilværelse?

Den tanken klarar  
å rista meg ut av  
min fredfulle tilværelse.  
Litt skremt.



Vi lever i vårt fredlege  
hjørna av verda.  
Litt småtrøtte av  
kjedsomhet og  
forutsigbarhet.  
Til ein dag stormaktene  
plutseleg igjen begynner  
å rasla med sablane,  
denne gongen litt for  
nær inn på oss enn vi likar.  
Villmenn og damer må gjerne  
drepa kvarandre,  
men vi har ikkje tid til å bli  
involvert.  
Ikkje akkurat nå,  
har nett begynt å pussa opp huset.




Det er fantastisk godt  
å stenga seg inne  
i ei varm stova,  
og planlegga store ting.  
Kva vi eigentleg skulle vore  
visst livet hadde vore  
greiare med oss.  
Kor store vi eigentleg  
skulle vore.  
Gode tankar i ei  
varm stova.  
Går det an å gå ut seier du?  
Kva seier du?  
Ut av mi trygge og  
varme stova?  
Nei.  
Trur ikkje det nei.

Men visst eg hadde gått ut,  
då skulle du ha sett  
kor stor eg er, då!




Viss tiggaren på gatehjörna  
såg ut som spegelbildet  
av deg,  
eller av meg,  
og spegelbildet av meg,  
eller av deg,  
såg ut som tiggaren  
på gatehjörna,  
Kva då?  
Hadde blikket flakka  
ein annan veg?  
Hadde hjerta utvida seg,  
eller snørt seg saman?  
Hadde eg dømt?  
Hadde eg hatt rett til  
å dømma?  
Dumme oss som dømmer.  
Dum.  
Dum.  
Nok dømming.

Det er ikke så lett...



Kven skal eg ta imot  
på besøk i dag?  
Frøken Tvil  
eller  
Madam Optimist?

Ja, ja...  
Reknar med at dei  
pressar seg inn  
noken gonger  
i løpet av dagen,  
begge to.



Når vi er ute i verda,  
prøver vi,  
stort sett,  
å oppføra oss ganske greitt.  
Positive til den store  
gullmedalje.  
Smilande og blide.  
Høflege.  
Hjelsame.  
Hjelpe då meg,  
så hjelsame vi er.


Så er det tid for å gå heim.  
Der dei personane  
som er mest viktige for oss,  
i denne galaksen,  
befinn seg.  
Desse personane får "full pakke":  
Dei er og så heldige  
å til tider få møta oss  
positive, smilande og blide,  
høflege og hjelsame.  
Men ein stor del av pakken  
dei får, inneheld;  
at vi er trøtte,  
lei,  
sure,  
late,  
kranglete,  
frustrerte,  
osv.  
Og dei er glade i oss allikavel.  
Tenk på det...

## Takk til

Tomás, Lucas og Simón.  
Beklager at doke (utan å bli spurt) blei dratt med inn i bøkene.  
Men når eg skal skriva om livet, er jo doke sjølvsgåt blant  
hovudingrediensane.  
Veldig, veldig glad i doke, og SÅ glad for at det er akkurat  
doke tre som er familien min!  
TAKK til nære, gode venner, som alltid er der når det trengst.  
TAKK til Oddbjørn By, bokarbeid.no  
for den goda hjelpa eg fekk i prosessen med å gje ut bøkene.  
TAKK til Mathilde Oord, MOFix Design,  
for alltid god hjelp og stor tålmodighet.  
TAKK til trykkeriet aitoslo,  
for raske tilbakemeldingar og hjelp underveis.

## Takk også til

mine foreldre,  
søsken,  
svigerinner,  
svograr,  
tanteungar,  
kollegaer,  
slekt og venner,  
kjekke folk på nærbutikken,  
katten som helsar med eit mjau når eg går forbi,  
du som fekk meg til å føla meg stor,  
du som fekk meg til å føla meg liten,  
sol,  
regn,  
alle doke som har droppa innom underveis i livet mitt,  
alt eg fekk,  
alt eg ikkje fekk,  
og til fuglane som synger så fint oppe i tretoppane.



Takk til livet!

Litt  
uhøgtidelige  
ord og strek  
om det å  
lera.



Adelante